

# **Referat frå møte i Lykling sokneråd**

**Onsdag 06.03.2019 kl.18.00**

## **Møtestad: Lykling kyrkje**

Til stades: Fridleif Lydersen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Leif Steinar Sakseide og Margunn Ersland

### **Sak 10-19: Godkjenning av referat og innkalling**

- Godkjent med ein kommentar: Sak 14-19 vert utsett då diakon Sissel ikkje hadde høve til å møta.

### **Sak 11-19: Meldingar og skriv**

- Årsrekneskapen lagt fram under sak 15.
- Ola Ersland føreslått som kandidat til bispedømmerådet, men fristen gjekk ut 01.03.

### **Sak 12-19: Tur til Malawi for Kirkens Nødhjelp.**

- Me ser positivt på søknaden frå kyrkjelydspedagog Laila Hansen Røksund og vil gjerne vera med og støtta turen etter fordelingsnøkkelen.
- Soknerådet oppmodar og Laila til å søkja fellesrådet om støtte.

### **Sak 13-19: Årsrapport frå Estland.**

- Ingen frå Lykling sokneråd som har høve til å stilla helga 8.-10. mars ved Estlandsbesøket.

### **Sak 14-19: Diakoniplanen vår. – Saka utsett.**

### **Sak 15-19: Godkjenning av årsmelding.**

- Godkjent med nokre korrigeringar.
- Sissel la fram årsrekneskapen. Budsjettet 2018 var ikkje eigen kolonne på rekneskapen. Dette bør vera med på det som blir lagt fram for årsmøtet.
- Me har pengar på fond som skal nyttast til barne- og ungdomsarbeid i soknet. Dette bør kyrkjelydspedagog Liv Merethe få vita at ho kan bruka i TOL-arbeidet hos oss.

## **Sak 16-19: Soknerådsvalet**

- Me har til nå 5 namn til lista, men treng mange fleire. Såg på namn og kven som kunne spørja desse. Får prøva å setja opp liste på neste møte.

## **Sak 17-19: Ymse**

- Temakveldar:
  - I april kjem prost Svein Arne Theodorsen med tema «Humor og helse» -
  - «Prest mot alle odds» er tema for presten på Tysnes som kjem 05.september. Ho var første kvinnelege prest i Sunnhordland.
  - 07.november er tema «Potetpresten i Finnås» ved Ola Ersland.
  - Fridleif prøver og å få til ein temakveld i oktober.
- Kimen:
  - Til hausten står me utan leiarar på Kimen. Sissel og Christian gir seg. Det er 9 konfirmantar. Me må prøva å få i gang Kimen vidare slik at konfirmantane får kjenna at dei høyrer til i Lykling. Dette må formidlast til orienteringsmøtet for dei nye konfirmantane. Skulle det ikkje lukkast, må dei få tilbod gjennom miljøtiltaka på Bremnes.
- Helvikgudstenesta er 23.06. kl.14.30 (feil tidspunkt i oversikten)
- Elisabeth kan få kjøpa hyller til supplering på kjøkken. Nødvendig.
- Ikke nødvendig med felles soknerådsmøte med Bømlo 11.juni.
- Torunn spør konfirmantforeldre frå i fjar om hjelp på konfirmantfesten.
- Me kan gjerne ha betasuppa med brød. Torunn innhentar prisar. Reknar med ca 100 gjester.
- **Lydanlegget:** Øystein kantor ser på kva som bør gjerast. Sender forslag til Trygve før 20.03.; møte i fellesrådet.

**Neste møte onsdag 03. april kl 18.00**

**Sakseid, 07.03.2019**

**Margunn Ersland, sekretær**